

Randi Bergem

## **Nærmiljøutvikling**

Evaluering av eit studieemne i studiet Frivilleg og offentleg



**HØGSKULEN I VOLDA**



**MØREFORSKING  
VOLDA**

<b>Prosjekttittel</b>	Evaluering av studieemnet Næringsutvikling
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda
<b>Finansiering</b>	Høgskulen i Volda v/KEV
<b>Forfattar</b>	Randi Bergem
<b>ISSN</b>	0805-8075
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no">http://www.moreforsk.no</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>

**Notatserien** er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

# Innhald

<b>Innhald .....</b>	<b>3</b>
<b>Innleiing.....</b>	<b>4</b>
<b>Dei lukka spørsmåla.....</b>	<b>5</b>
Kor nøgd er du med eigen innsats? .....	5
I kva grad har studiet heva kompetansen din? .....	5
I kva grad passa innhaldet i studiet til arbeidssituasjonen din?.....	6
I kva grad passa studieforma til arbeidssituasjonen din? .....	6
Kor nøgd er du med rettleiinga?.....	7
Kor nøgd er du med nettleksjonane?.....	7
Kor nøgd er du med arbeidsprosessen rundt videoane? .....	7
Kor nøgd er du med arbeidskrava? .....	8
Kor nøgd er du med gruppearbeidet? .....	8
Kor viktig var oppstartsamlinga? .....	9
<b>Dei opne spørsmåla .....</b>	<b>9</b>
Korleis opplever du å studere via Internett?.....	9
Kva ville gjort dette semesteret betre? .....	10
Kvifor deltek du på kurset? .....	11
For deg personleg: Kva var av størst verdi?.....	11
I høve til arbeidet ditt: Kva var av størst verdi? .....	12
Korleis har studiet påverka synet ditt på samarbeid med andre aktørar i spenningsfeltet mellom frivillig og offentleg verksemd?.....	12
Her ber vi deg skrive noko som du meiner var viktig, men som vi ikkje har spurt om .....	13
<b>Oppsummering .....</b>	<b>14</b>
<b>Referansar .....</b>	<b>15</b>

## Innleiing

Studieemnet Nærmiljøutvikling er ein del av studiet Frivillig og offentleg, som Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) ved Høgskulen i Volda har vore ansvarleg for. Studiet omfattar desse emna:

- Leing i frivillig og offentleg samarbeid (emne 1)<sup>1</sup>
- Prosjekt- og informasjonsarbeid (emne 2)<sup>2</sup>
- Prosessamtalen og nettverksbygging (emne 3)<sup>3</sup>
- Nærmiljøutvikling (emne 4)

Kvart av emna gir 15 studiepoeng.

Målet med emnet Nærmiljøutvikling er:

- å gjere studentane meir kompetente til å sjå eigen organisasjon med tanke på å vere pådrivar og partner i nærmiljøutvikling. Dette skal sjåast i samanheng med utgangspunkt i utviklingstrendar, offentleg politikk og kulturelle endringar i samfunnet.
- å gjere studentane meir kompetente i si forståing for den typen rasjonalitet som finst i den frivillige sektoren, særleg retta mot deltaking i nærmiljøutvikling
- at studentane skal utvikle kompetanse til å analysere utfordringane som er i lokalsamfunnet, eventuelt i eigen organisasjon, og å planlegge og starte handling.

Dei fleste studentane er i arbeid samstundes med at dei gjennomfører studiane. I studieplanen er det poengtert at problemstillingane i emnet skal kunne nyttast og relaterast til arbeidssituasjonen til deltakarane. Det har vore ei obligatorisk oppstartsamling. Emnet vart elles formidla via skriftlege nettleksjonar, knytte til kvart av dei faglege tema i emnet. Det har vore lagt opp til at studentane skal jobbe i grupper, både på nettet og ved at dei møtest. Undervisning, gruppearbeid og diskusjonar har gått føre seg via Classfronter.

Målgruppene for studiet er:

- Leiarar ved lærings- og meistringssenter
- Leiarar ved frivilligsentralar
- Leiarar ved avdelingar og institusjonar som samarbeider tett med brukarorganisasjonar
- Leiarar i frivillige organisasjonar

Emnet Nærmiljøutvikling er evaluert av studentane gjennom eit evalueringssopplegg i Classfronter. Det er 16 av 18 studentar som har svart på evalueringsskjemaet. Vi har nytta data frå studentevaluering i vår analyse. Dette notatet er ei samanfating av studentane sine oppfatningar om og erfaringar med studieemnet.

Spørjeskjemaet, som er utarbeidd av dei kursansvarlege, inneheld 10 spørsmål med faste (lukka) svaralternativ, og sju opne spørsmål.

Oppdraget til Møreforskning Volda har vore å lage ein presentasjon av resultata, og gjere ein analyse av desse mellom anna med utgangspunkt i målsetjingane i studieplanen.

---

<sup>1</sup> Emnet er evaluert, jf Bergem 2005

<sup>2</sup> Emnet er evaluert, jf Bergem 2006 a


<sup>3</sup> Emnet er evaluert, jf Bergem 2006 b

## Dei lukka spørsmåla

Studieemnet har hatt 18 studentar, og 16 av desse har svart på kursevalueringa. Alle tala i presentasjonen som følgjer nedanfor, viser til tal på studentar. I og med at det er så få respondentar (16) gir det ikkje meining å operere med relative tal (prosentar).

### Kor nøgd er du med eigen innsats?


Det første spørsmålet handlar om å vurdere eigen innsats i studiet. Figuren nedanfor gir eit bilete av korleis studentane vurderer dette:



Figuren viser at fem studentar er nøgde, seks er bra nøgde og fem er godt nøgde med eigen innsats. Samanlikna med evaluering av det tredje studieemnet Prosessamtalen og nettverksbygging, er det fleire av studentane som er godt nøgde med eigen innsats på Nærmiljøutvikling enn dei var med innsatsen på emnet Prosessamtalen og nettverksbygging.

### I kva grad har studiet heva kompetansen din?


Studieemnet gir 15 studiepoeng, difor vil alle som greier eksamen få heva den formelle kompetansen, men det er sjølvstøtt mogleg å oppleve at ein også får auka "realkompetanse". Svara på dette spørsmålet er difor vanskelege å vurdere når ein ikkje veit kva type kompetanse studentane har hatt i tankane når dei har svart på spørsmålet.



Tala viser i alle fall at flesteparten av studentane (12) meiner at studiet har medverka til å heve kompetansen i stor grad. I eitt av dei opne spørsmåla (jf nedanfor) vert studentane bedne om å svare på kvifor dei tek dette studiet, og flesteparten framhevar kompetanseheving som ei viktig årsak til at dei tek studiet. Såleis viser tala ovanfor at studentane opplever at målet om kompetanseheving er nådd.

### I kva grad passa innhaldet i studiet til arbeidssituasjonen din?


Som nemnt tidlegare, er studentane i arbeid ved sida av studiane. Studiet er spesielt retta mot nokre målgrupper (jf innleiinga), og figuren nedafor viser i kva grad studentane meiner at innhaldet i studiet passar til deira arbeidssituasjon.



14 av studentane meiner at innhaldet i studiet i stor grad passar til arbeidssituasjonen, medan to studentar svarar at innhaldet i nokon grad passar til arbeidssituasjonen. Innhaldet ser altså ut til å vere svært relevant for arbeidssituasjonen til dei som tek studiet. Samanlikna med evalueringa av det tredje studieemnet, ser det ut til at fleire av studentane meiner at innhaldet i emnet Nærmiljøutvikling i endå større grad passar til deira arbeidssituasjon enn innhaldet i emnet Prosessamtalen og nettverksbygging gjorde.

### I kva grad passa studieforma til arbeidssituasjonen din?


Ovanfor såg vi at studentane opplevde at innhaldet i studiet var svært relevant for arbeidssituasjonen, medan figuren nedanfor viser korleis studentane opplever at studieforma passar til arbeidssituasjonen deira.



Sjølv om over halvparten av studentane svarar at studieforma i stor grad passar til arbeidssituasjonen, viser tala at studentane er mindre tilfredse med korleis studieforma passar til arbeidssituasjonen enn dei var med innhaldet i studiet. Forklaringane på dette kan vere fleire, men det er grunn til å tru at ei forklaring er at det er utfordrande å kombinere arbeid og studiar. Dersom dette er ei relevant forklaring, er ikkje tiltaka som høgskulen kan setje i verk så mange. Det kan også tenkast at nokre har gitt svar med tanke på studieforma generelt og ikkje berre utifrå korleis ho passa med arbeidssituasjonen, men med situasjonen elles (gruppearbeid, nettstudiar osv). Med utgangspunkt i dette, kan det vere at bruken av Classfrontier og opplegget elles, bør gjerast noko med. Vurderingane på dette spørsmålet er nokså samanfallande med vurderingane som vart gjorde på same spørsmålet i tilknytning til evalueringa av det tredje studieemnet (Prosessamtalen og nettverksbygging).

### Kor nøgd er du med rettleiinga?


Studentane får rettleiing på skriftleg arbeid, det gjeld både gruppeoppgåver og individuelle arbeid. Rettleiinga er nettbasert eller kan skje pr telefon.



Tre av studentane er godt nøgde med rettleiing, sju er bra nøgde, fem er nøgde og ein er litt nøgd. Rettleiinga er altså ei side ved studiet som studentane ikkje er heilt tilfredse med og som det difor bør gjerast noko med. Det same har kome til uttrykk også i evalueringane av dei andre studieemna (Bergem 2005, Bergem 2006 a og b).

### Kor nøgd er du med nettleksjonane?


Studieemnet er nettbasert, som mellom anna vil seie at forelesingar vert lagde ut på nettet. Figuren nedanfor viser studentane sine vurderingar av nettleksjonane.



Dei fleste er bra nøgde (8) eller godt nøgde (5) med nettleksjonane. I den grad studentane ikkje er nøgde, kan det henge saman både med innhald i og organisering av nettleksjonane. På dei opne spørsmåla er det fleire som nemner at nettleksjonane i nokre tilfelle ikkje har blitt lagde ut i samsvar med den oppsette planen, men at dei har kome seinare enn planlagt. For somme har dette vore uheldig med tanke på det løpet dei har lagt for å få studiet til å gå i hop med arbeidssituasjonen, familiesituasjonen og elles. Det vil seie at det kan vere oppfatningar om organiseringa av nettleksjonane, meir enn synspunkt på innhaldet, som kjem til uttrykk i svara på dette spørsmålet.

### Kor nøgd er du med arbeidsprosessen rundt videoane?


Det har ikkje vore brukt videoar i tilknytning til dette studieemnet (det er truleg også forklaringa på at berre ni har svart på dette spørsmålet). Dei som har svart på spørsmålet, har truleg svart med utgangspunkt i tidlegare studieemne på same kurset, der videoar har vore nytta.



Når studentane har sett gjennom refleksjonsvideoane som er laga til studieemna, vert det lagt opp til diskusjonar på nettet, ofte med utgangspunkt i eit spørsmål som skal diskuteras. Tala ovanfor viser at studentane har vore måteleg nøgde med desse prosessane. Somme studentar gir også i andre samanhengar uttrykk for at det har vore vanskeleg å få til samarbeid og diskusjonar på nettet (jf dei opne spørsmåla).

### Kor nøgd er du med arbeidskrava?

I løpet av studiet har studentane arbeidskrav (oppgåver). Nokre av desse skal det arbeidast med individuelt, andre i grupper.




Elleve av studentane er bra eller godt nøgde med arbeidskrava, medan fem er nøgde. På dette spørsmålet kan svara vere gjevne med utgangspunkt i vurderingar av eigen innsats i oppgåvearbeidet, av resultat og av oppgåvetekstar og rettleiing på arbeidskrava.

### Kor nøgd er du med gruppearbeidet?

Studentane har arbeidd med konkrete arbeidskrav i grupper. I tillegg har somme brukt gruppene til diskusjonar og fagleg utveksling på nettet. Såleis kan det vere litt ulike utgangspunkt for svara dei har gitt på spørsmålet om kor nøgde dei er med gruppearbeidet.






Fem av studentane er bra eller godt nøgde med gruppearbeidet, medan like mange er litt nøgde eller nøgde med gruppearbeidet. I fleire samanhengar, mellom anna i svara på nokre av dei opne spørsmåla, vert det nemnt at det har vore vanskeleg å få sving på gruppearbeidet. Det er ikkje alle studentane som synest CF er eit godt verktøy for diskusjonar og til utveksling av synspunkt osv i gruppearbeidet/oppgåver. Tidspress og geografiske avstandar har også gjort det vanskeleg for gruppene å møtest fysisk.

### Kor viktig var oppstartsamlinga?

Studiet er først og fremst nettbasert, men semesteret startar med ei obligatorisk todagars oppstartsamling. På denne samlinga vert opplegget for og innhaldet i studiet presentert, og det vert også halde faglege innlegg.



13 studentar meiner samlinga var noko viktig eller svært viktig, og tre studentar meiner samlinga var litt viktig eller viktig. Som tala viser, vert oppstartsamlinga oppfatta som svært viktig av dei aller fleste studentane. Oppstartsamlinga er altså viktig for å treffe medstudentar og dei som er ansvarlege for studiet. Oppstartsamlinga gir noko av grunnlaget for samarbeidet mellom studentar og for gruppearbeidet vidare utover i semesteret.

## Dei opne spørsmåla

### Korleis opplever du å studere via Internett?

Dei fleste studentane har gode erfaringar med å studere via Internett. Det må nemnast at studentane som har svart på evalueringa tidlegare har gjennomført (minst) tre andre studieemne på nettet, såleis har dei fått erfaring med dette. Elles kan det tenkast at dei som

opplevde nettstudiar som ei stor utfordring ikkje har avslutta etter å ha teke eitt eller to studieemne.

Nokre sitat kan illustrere korleis studentane har opplevd å studere via Internett.

4.semester har vært arbeidskrevende! Men å studere via nettet har ikke vært problemfylt i dette semesteret, nå "kan" jeg fornen og kjenner mine medstudenter bedre. De samlingene vi har hatt der vi har møttes ansikt-til-ansikt har vært viktige for fellesskapsfølelsen. For den er fraværende i et nettstudium. Samtidig gir nettstudie uante muligheter fra egen stue.

Det krever stor grad av selvdisiplin å studere via Internett, og det er det jo ikke alle som har like mye av. Det har for meg vært et savn at vi ikke har hatt flere samlinger og hatt mulighet til å treffe noen av de andre studentene eller veileder/fagansvarlig underveis.

Fleire nemner at dei saknar samvær og kontakt med andre studentar. Somme opplever at nettstudiar gjer gruppearbeid vanskeleg, men samstundes vert gruppearbeidet framheva som noko av det som gjer at dei har gjennomført studiet.

Noe ensomt, hadde vi ikke jobbet i gruppe, vet jeg ikke om jeg hadde klart å gjennomføre.

Erfaringane dei har med å studere via nettet må også sjåast i samanheng med svara som studentane gir på spørsmålet nedanfor om kva som ville gjort semesteret betre, og ikkje minst med spørsmålet lenger framme som galdt oppstartsamlinga, som vert oppfatta som svært viktig.

### **Kva ville gjort dette semesteret betre?**

Kommentarane på spørsmålet om kva som kan gjere studiet betre, tek naturleg nok utgangspunkt i det som vert vurdert som svake sider ved studiet. Studentane gir uttrykk for at Classfronter ikkje vert utnytta i stor nok grad av studentar og dei ansvarlege for studiet. Mange etterlyser fleire diskusjonar og samarbeid mellom studentane og meir aktivt bruk av Classfronter både frå studentane og høgskulen si side. Ein student foreslår at det som skjer i Classfronter i større grad burde vore organisert og sett i system:

Noen timer pr uke hvor de fleste skulle være samlet på Classfronter slik at en ikke følte seg alene i rommet. Classfronter har et stort forbedringspotensiale. Gå ut og spør studentene om hvordan en kan få en bedre klasseromsfølelse og legg opp til faste tider. Dette gjelder også nettleksjonene.

Dårlig dynamikk med classfronter. Skulle vært mer dynamisk, med krav om å stille på diskusjonsforum der grupper var på nett sammen.

Elles er det somme som har kritiske merknader til litteraturen/pensum.

Annen litteratur enn "den gule blekka" Den var uoversiktlig og lite lesbar pga altfor liten skrift! Mye av innholdet var også lite relevant!

Noe av litteraturen var lite fengende/lite relevant. Noen "tynne" nettleksjoner.

Litteraturen var tung og lite leservennlig for damer over 40.... Tema burde også strekke seg til flere typer organisasjonsformer og ikke bare frivillighetssentralene! Det kan være nyttig for flere.

Organiseringa av studiet vert også kommentert. Nokre viser mellom anna til at somme nettleksjonar ikkje kom til oppsette tider, og at dette skapte vanskar med tanke på jobb og andre avtalar som studentane har utanom studiet.

Større eigeninnsats og forhold relaterte til "heimesituasjonen" vert også trekke fram når det gjeld kva som kunne medverka til eit betre semester. Men dette er faktorar som høgskulen i liten grad kan gjere noko med.

### **Kvifor deltek du på kurset?**

Kompetanseheving vert av dei fleste framheva som den viktigaste årsaka til at dei har delteke på dette studiet. Sitata nedanfor illustrerer dette:

For å få høyere kompetanse, bedre rustet til å gjøre en god jobb, søkte utfordringer i jobben.

Jeg har "holdt ut" i to år fordi jeg ønsket denne kompetansehevinga for egen del og for frivillighetsentralens del. Dessuten ønsket jeg meg flere høyskole studiepoeng

For å bli ein meir kompetent frivilligsentralleiar.

På eitt av dei lukka spørsmåla vart det spurt om i kva grad studiet har heva kompetansen til studentane. Alle svarar at det i nokon grad eller i stor grad har heva kompetansen deira. Såleis ser det ut til å vere godt samsvar mellom årsakene til deltaking på kurset (ønske om kompetanseheving) og resultatet av deltakinga (opplevd kompetanseheving).

Men det er også døme på andre grunnar til deltaking:

For å få ny og meir kunnskap til å gjere ein bedre jobb. For å verte tryggare på meg sjølv.

Synes det var bedre med ett samlet studie enn med enkle dyre kurs.

### **For deg personleg: Kva var av størst verdi?**

Studentane vart spurde om kva ved studieemnet som var av størst verdi for dei personleg. Følgjande sitat viser kva nokre studentar har svart på dette spørsmålet:

Å gjennomføre! Jeg har sett at jeg kan mer enn jeg trodde og vært fornøyd med at jeg har tatt meg tid til å lære noe nytt.

Bevisstgjøring og kunnskap. Jeg har også fått trygghet for at mine tanker og måte å jobbe på, har vært på rett spor. Jeg har fått øket mitt selvbilde - og lært masse.

Bekreftelse av egne erfaringer og tanker rundt samarbeid mellom frivillig og offentlig sektor. Jeg har blitt mer bevisst min rolle i lokalsamfunnet.

Personlig føler jeg at jeg har blitt tryggere på mitt syn på den frivillige sektor. Har fått større forståelse for situasjoner som oppstår, og har blitt mer varsom i uttalelser og påstander. Jeg argumenterer på en annen måte.

Det handlar altså i stor grad om å ha blitt tryggare og meir bevisst i det arbeidet ein gjer, anten det er ved ein frivilligsentral, i offentleg sektor eller som leiar i ein frivillig organisasjon.

### **I høve til arbeidet ditt: Kva var av størst verdi?**

Når det gjeld kva ved studiet som har vore av størst verdi for arbeidet, er det mange som meiner at kunnskap om arbeidsmetodar og konkret bruk av slike verktøy, er noko av det som har vore mest matnyttig for arbeidssituasjonen.

Gode verktøy i det daglige arbeidet. Lettere å se sammenhengene.

Arbeidet med lokalsamfunnsanalysen, som er knytt opp til mitt daglege arbeid. Denne ga ny kunnskap og viktig refleksjon rundt dette, som styrker meg i arbeidet.

Arbeidet med lokalsamfunnsanalysen ser ut til å ha vore nyttig også med tanke på å kople dei ulike studieemna saman.

Andre stikkord som oppsummerer kva som har vore av verdi for arbeidssituasjonen er kunnskap om kommunikasjon, informasjon og bevisstgjerung.

Kommunikasjon, planlegging, informasjon. Jeg ser ledere i min kommune og deres roller og hvilke muligheter som ligger i det at vi kommuniserer i forhold til folk i kommunen som er mottakere av tjenester, eller utfører oppgaver innenfor frivillig og offentlig sektor.

Vanskelig å peke på en ting spesielt, fordi her er og har vært mange ting som har stor verdi for jobben min. Men visst jeg skulle velge meg et ord, så tror jeg det må bli bevisstgjøring. Jeg er nå mye mer bevisst på hvor viktig frivillig sektor er i samspillet i et samfunn i dag.

At studieemnet har vore bevisstgjerande for eiga rolle kom også til uttrykk på spørsmålet om kva som var av størst personleg verdi.

### **Korleis har studiet påverka synet ditt på samarbeid med andre aktørar i spenningsfeltet mellom frivillig og offentleg verksemd?**

Dei fleste studentane har lang erfaring med arbeid i frivillig sektor og/eller med samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor. Difor kjenner dei både frivillig og offentleg verksemd relativt godt. Såleis er det ikkje overraskande at deltakarane på studiet seier at dei i liten grad har endra syn på samarbeid med andre aktørar i spenningsfeltet mellom frivillig og offentleg verksemd. Men det vil ikkje seie at dei ikkje har lært noko som kan vere nyttig for slikt samarbeid.

Synet mitt på samarbeid med andre aktørar har i liten grad blitt påvirket. Derimot har metoden i samarbeidet blitt mere klarlagt.

Det har åpnet for nye relasjonar og gjort meg mer bevisst på hvordan jeg skal gå frem for å bygge nye relasjonar.

Det har gjort meg tryggare i rolla mi, og gitt meg nyttige reiskapar. Det har gitt meg nokre aha-opplevingar; både i høve til kor stor merksemd og interesse det er for frivillighetsfeltet, og kor viktig det er å ikkje "trakke feil".

Nokre nemner at studiet har hatt positiv innverknad på synet på slikt samarbeid:

Studiet har hatt ei positiv innverknad på synet mitt på samarbeid mellom aktører i spenningsfeltet mellom frivillig og offentlig virksomhet. Spesielt etter dette fjerde og siste semesteret har det gått opp for meg hvor stor betydning muligheten for deltakelse i frivillig arbeid har for den enkelte.

Sjølv om synet på samarbeid med andre aktørar ikkje er endra i stor grad som følge av studiet, har studiet medverka til å gje deltakarane reiskapar og arbeidsmetodar som er nyttige med tanke på korleis ein kan mobilisere til og organisere slikt samarbeid.

### **Her ber vi deg skrive noko som du meiner var viktig, men som vi ikkje har spurt om**

Sjølv om dei her vert bedne å skrive om noko dei meiner er viktig, men som det ikkje er spurt om, er det fleire som nemner faktorar som har vore framheva på tidlegare spørsmål (om gruppearbeidet, nettleksjonar, erfaringar med Classfronter osv). På dette spørsmålet ser det også ut til at nokre har svart utifrå erfaringane dei har med heile studiet (inkludert dei tre andre studieemna).

Som vi har vore inne på før, var det fleire som sleit med gruppearbeidet og som synest det har vore for lite kontakt mellom studentane.

På grunn av stor spredning i geografien på deltakerne i dette studiet, har det vært vanskelig å få til gruppearbeid, men jeg ønsker likevel at det for framtidig studie legges litt mer vekt på å få til mulige grupper og gruppearbeid. Her mener jeg at rådgiver / fagansvarlig må være mer med å påvirke gruppesammensetning. Jeg hadde følelsen av å bli valgt bort fra gruppearbeid denne høsten.

Følte at vi var mye alene i studiet. Dette har nok en geografisk årsak. Det ble ingen aktiv kontakt med andre. Dårlig interaktivt system. Hadde vært bedre å brukt MSN og fått oppgaver som vi kanskje kunne jobbe med sammen underveis.

Somme set stor pris på den fleksibiliteten som eit nettstudium gir:

Tusen takk for at jeg fikk jobbe i mitt eget tempo. Jeg er klar over at jeg ville ha lært mer i en gruppe, men dette semesteret ville ikke det vært mulig.

Kjempeflott å studere via nett og classfronter. Morsomt og lærerikt. Trenger ikke bruke tid til reising. God oppfølging og lett å få tak i veiledere når det trengs. Voksne veiledere som gav en konstruktiv tilbakemelding.

Desse sitatet fortel at nokre studentar opplever oppfølginga frå høgskulen som god og at det å studere via nettet har mange fordelar.

## Oppsummering

Måla med emnet Nærmiljøutvikling er mellom anna å gjere studentane meir kompetente til å sjå eigen organisasjon med tanke på å vere pådrivar og partner i nærmiljøutvikling, og at dei skal utvikle kompetanse til å analysere utfordringane som er i lokalsamfunnet og kunne starte handling. Fleire av studentane framhevar nettopp dette at dei i større grad har vorte bevisste på eiga rolle, og gjennom arbeidet med lokalsamfunnsanalysen har dei blitt kjende med ein arbeidsmetode som dei oppfattar som svært relevant i deira arbeidssituasjon. Dei aller fleste studentane opplever at studiet har heva kompetansen deira. Å auke den formelle kompetansen vert elles oppgitt som ei av dei viktigaste årsakene til at dei har valt å gjennomføre studiet.

Innhaldet i studiet vert vurdert som relevant for arbeidssituasjonen, medan studieforma vert vurdert som noko mindre tilpassa arbeidssituasjonen. Somme studentar synest at delar av litteraturen har vore tung og vanskeleg tilgjengeleg. Gruppearbeidet har vore ei utfordring for mange, mellom anna fordi det var litt laust organisert frå skulen si side, og fordi det kan vere vanskeleg å få gruppearbeid til å fungere når studentane ikkje møter kvarandre fysisk ut over oppstartsamlinga tidleg i semesteret. Når det gjeld rettleiinga, viser evalueringa at det er få som er godt nøgde med denne (sjølv om halvparten er bra nøgde.) Det same har kome til uttrykk gjennom evalueringa av dei andre studieemna på studiet.

Nedanfor følgjer ei punktvis oppsummering av evalueringa:

- Oppstartsamlinga er viktig
- Dei som har gjennomført studieemnet opplever auka bevisstgjerings og at dei er blitt tryggare i arbeidssituasjonen.
- Nettstudiar gir og ein sjanse til å studere som ein kanskje elles ikkje ville hatt, men det er også krevjande.
- Oppfølginga frå høgskulen si side har vore bra, men tidsplanen (undervisningsplanen) vart ikkje alltid følgt. Dette skapte vanskar for nokre, som hadde lagt opp sine arbeidsperiodar utifrå kva tid nettleksjonar osv etter planen skulle leggest ut.
- Classfronter fungerer ikkje tilfredsstillande. Det gjeld særleg med tanke på diskusjonar og utveksling mellom studentar og høgskulen.
- Det har vore vanskeleg å få gruppearbeidet til å fungere godt for alle, ikkje minst har dette samanheng med at det er eit nettstudium og at den geografiske spreinga blant studentane er stor. Somme meiner at dei ansvarlege ved høgskulen burde lagt sterkare føringar på gruppesamansetjinga og på å medverke til større aktivitet på nettet.
- Delar av pensum på dette studieemnet vart oppfatta som tungt og lite relevant.
- Rettleiinga er ei side ved studiet som mange av studentane meiner kunne vore betre. Men det må også nemnast at mange studentar generelt er nøgde med oppfølginga frå dei ansvarlege.

## **Referansar**

Bergem, R (2005): *Leiing i frivillig og offentleg samarbeid. Evaluering av eit studieemne.* Notat 10/2005. Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda

Bergem, R. (2006 a): *Prosjekt- og informasjonsarbeid. Evaluering av eit studieemne i kurset Frivillig og offentleg.* Notat 2/2006. Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda

Bergem, R (2006 b): *Prosessamtalen og nettverksbygging. Evaluering av eit studieemne i kurset Frivillig og offentleg.* Notat 7/2006. Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda